

Referat frå SU – møte torsdag 5. juni 2014 kl.18.00

Foreldre: Jan Håland og Mette Kyed Thorson
Kommunal representant: Henriette Mjøs: melde avbod.
Lærarar: Kari Sol Sæthre og Mona-Sofie Halvorsen
Andre tilsette: Inger Isdal, møtte ikkje.
Rektor: Cato Risøy

Sak 1 – 13/14

Nytt frå:

- Skulen
 - **Førskuledagar er ferdig.**
 - **6. og 7. klasse har deltatt i «Smartere Energi». Her vant 7.klasse på kommune nivå, dei var med i Hordalands-finalen på Vil Vite senteret.**
 - **1.klasse har flytta inn i eit av dei rahabiliterte klasseromma, vis a vis aulaen.**
 - **Den årlege fjellturdagen vart gjennomført tidlegare denne veka.**
 - **Dette året har vi hatt behov for mykje vikarar. Vi har fått nye behov som har gjort at vi har måtta få inn ekstra folk. Vi har fått tak i nokre stabile, men har måtta jobba mykje for å få alt på plass. Til neste skuleår har vi fått ei lærarstilling meir, vi har og auke i assistentar. Vi held på med tilsetjing av ein miljøterapeut. Vi legg og inn meir vikarpottar i stillingar til folk som er på huset.**
- FAU
 - **Har jobba med kunstgrasbana. Dette arbeidet starter i sommar.**
 - **Taubana er endeleg komen opp.**
 - **Trafikksituasjonen har vi og jobba med. No er arbeidet mellom bensinstasjonen og kyrkja ferdig, men her er framleis farlege plassar. m.a. Kolåskrysset.**
 - **Idrettslaget og bygdelaget vil ikkje ha meir med 17.mai planlegging å gjere. Dei meiner at andre lag også har sagt det same. FAU på LBS og LUS vil ikkje gå med på dette. Det vert eit møte om dette utpå hausten. 17.mai er for ALLE i bygda ikkje berre for skuleelevane.**
- SFO
 - **Tal på elevar er stabilt.**
 - **Vi er klare til å flytte inn i nytt rom på skulen.**
- Kommunen
 - **Bygg- Sjå ref SMU sak 3 – 13/14.**
 - **Omorganisering – Sjå ref SMU sak 2 – 13/14**

Sak 2 – 13/14

Informasjon om skuleåret 14-15

- **Stillingar; Det vert 17,35 lærarstillingar (opp ein) og vel 7 assistentstillingar (opp to), ein av dei vert miljøterapeut. Nesten ferdig med tilsetjingar, der er ½ stilling på lærar som ikkje er på plass (k&h) og 1 miljøterapeut. Intervju fredag 13.6.14.**
- **Elevtalet er omtrent stabilt, ned med ein til 166.**
- **Kontaktlærarkabalen snart klar.**

Sak 3 – 13/14

Revidering av retningslinjene til FAU.

- **Sjå vedlegg. Desse vert lagt ut på heimesida.**

Sak 4 – 13/14

Strategisk plan for Lindås kommune 2014-2018

- o Informasjon (Sjå vedlegg)
 - **Rektor gjekk gjennom planen. Vi har fått ein meir aktiv skuleeigar.**
- o Val av hovudsatsingsområde.

- Skulen ønskjer å jobba med følgjande område ;
 - * Vurdering og klasseleiing- Vi har sett på kva vi må jobbe meir med.
 - * Grunnleggande ferdigheiter - Vi vil utvikle oss på digital kompetanse.
 - * Halding, respekt, danning, språk – Vil finne nytt namn – det dreier seg om haldningsarbeid. Tett samhandling mellom skule og heim.
- Vi er at vi treng gjere noko med styrking av opplæring, men har valt dei andre

Referent: Mona-Sofie Halvorsen



Foreldre: Jan Håland, Mette Kyed Thorson og Nina Myster,
Lene Storheim møtte ikkje
Kommunal representant: Henriette Mjøs, melde avbod
Elevar: Sivert Skårnes Håland, Elise Hellebø Haugen møtte ikkje
Lærarar: Kari Sol Sæthreog Mona-Sofie Halvorsen
Andre tilsette: Inger Isdal, Møtte ikkje
Rektor: Cato Risøy

Referat SMU – møte torsdag 5. juni 2014 kl.18.00

Sak 1 – 13/14

Eit godt læringsmiljø

- Resultat frå mobbeundersøkinga
 - Cato presenterte resultata som viser at ferre gutar oppgjev at dei vert mobba av og til, medan det er fleire jenter som oppgjev at dei vert mobba av og til. Dette gjeld både på skulen, skuleveg og digitalt. Det er ein del mindre mobbing enn landssnittet, men det er viktig at det blir holdt eit høgt fokus vidare i arbeid mot mobbing.
- Tal på enkeltvedtak etter Opplæringslova §9a
 - Det er skrive 4 enkeltvedtak, held på med nr. 5. Det er 2 på mobbesaker, og 3 på episodar som har skjedd. Desse sakene er no ordna.
 - Nær halvparten av dei som har svart at dei har vorte mobba, seier at det no er heilt slutt, ein oppgjev at det ikkje har skjedd noko endring, medan resten oppgjev at det er betre no.
- Idedugnad: Korleis kan vi saman skapa eit godt læringsmiljø på Lindås barneskule
 - Viktig å byggje opp sterke elevar, slik at dei som ser ting som ikkje er bra tek fatt i det eller gjev beskjed til vaksne.
 - Viktig at alle følgjer opp ting dei ser og høyrer.
 - Alle lærarar/vaksne på skulen blir informert om ting som hender, viktig å følgja med.
 - Vi vil ha nytt «oppvekstmøte».
 - Arbeida for at dei eldste er gode førebilete. Fadrar, verdiambassadørar og eventuelt leikeleiarar.
 - Meir aktivitet i friminutta.
 - Aldersblanda aktivitet må fortsetje – elevane gler seg til dette.

Sak 2 – 13/14

Endringar i organisasjon

- Skodvin skule vert lagt ned som kommunal skule frå hausten 2015
 - Elevane står då fritt, vi veit framleis ikkje noko om kven eller om det eventuelt kjem nokon.
- Informasjon om omorganiseringsprosess i Lindås kommune.
 - Det skal sparast pengar, utgiftauken går fortare enn inntektsveksten. I tillegg er det inntekter no m.a. eigedomsskatten som er usikker. Alle einingar har vore aktive, sett på gode idear og tankar, slik at grasrota er tatt med. Det er kome mange, men varierte innspel. Der blir no jobba med ein kommunal rapport på dette. Arbeidstakarorganisasjonane har så langt vore positive til måten prosessen har blitt gjort på. Leiarstrukturen er eit tema som går igjen. Vi har no fagansvarleg for skule og tre einingsleiarar for skule. No blir det i alle fall ein kommunalsjef for skule som går inn i rådmannen sin stab.
 - Det må bli satsa på vedlikehald, slik at vi ikkje må rehabilitere alle bygg etter ein del år. Vi vil har jamt vedlikehald.



Bygg og rehabilitering

- Tredje byggesteg
 - **Det trengst 15 millionar for å få gjennomført 3. byggjesteg. Der er avsett 10,5 millionar. Andre fase vart litt billigare enn forventa, i tillegg til at dei kanskje har noko midlar frå andre prosjekt. Usikkert enno om det må opp til ny politisk behandling. I tilfelle blir det i august. Byggeleiar startar no med å prøva å få godkjenning for kontraktsinngåingar, med det kan ein då spare eit par månader til hausten slik at dei forhåpentlegvis kan starte når dei får godkjenning.**
- Uteområde – vidare framdrift
 - **Taubana er komen opp.**
 - **Spørsmålet vidare er då kva vi eventuelt får gjort i skogen bak ballbingen, eventuelt og ein ballvegg til mellomtrinnet.**
 - **Der er ein del springing på taket på kveldstid og i helgane – noko som gjev skadar på taket. Dei som har blitt tatt i å springe på taket har fått tilsnakk, og føresette er kontakta.**
 - **Det er problematisk at ting ikkje får stå i fred, det er ein del herverk på kveldstid og i helgar. Skulen har tatt kontakt med politiet, og dei skal være flinkare til å patruljere her.**